

“Hvorfor kan ikke Gud stoppe sykdommer sånn som psykisk utviklingshemning?”

Livet vårt, og til kvart einaste menneske som vert født her på jorda, er *ikkje* fullkome og komplett. Det er derimot sterkt prega og påverka av mennesket sitt fall og opprør mot Gud, og følgene av det, med synd, ondskap, liding, sjukdom, og også for oss alle til slutt - **døden**.

Dette **smertelege** som er så fletta inn i menneskelivet og skaparverket, følgjer oss også tvers gjennom heile Bibelen. Heilt frå dei første menneska, Adam og Eva, til det Kristus sjølv møtte gjennom liding og død, og vidare inn i vår tid.

Og om du ikkje har opna Bibelen, så er det berre å få med seg dei daglege sendingane i media med bilete og nytt om kva som rører seg rundt oss, så møter du straks lidinga og smerten i all si gru.

Livet her er forgjengeleg og kort, og for alle av oss er livet merka av større eller mindre avgrensingar og handikap av ulike slag. Ingen av oss er 100 % fri, enten det gjeld livet her, med sine tankar, ord og gjerningar...

Eller når det gjeld personlegdommen vår, kroppen vår, psyken og intellektet eller utrustinga vår... Eller det som me har med oss gjennom arv i gen og kromosom... Eller frå det miljøet som har prega oss og vår historie, med alt som har skjedd på godt og vondt.

I spørsmålet vert *“psykisk utviklingshemming”* kalla sjukdom, men det er ikkje heilt så enkelt. Me snakkar her om ein varig tilstand, og ikkje noko som ein innan medisinen tenkjer ein kan lækje gjennom medisinar og behandling.

Om me spør fagfolk får me høyre litt om nokre av dei mange grunnar bak dette med *“psykisk utviklingshemming”*:

“Årsaken er oftest medfødt og skyldes genetisk skade med eller uten kromosomavvik”. (Norsk Helseinformatikk.no)

*“Utviklingshemming kan skyldes **arvelige** anlegg, kromosomfeil som ved Downs syndrom, stoffskiftes**sykdommer**, infeksjoner og sykdommer som røde hunder under svangerskapet eller **fødselsskader** ved for tidlig fødsel og lav fødselsvekt. Etter fødselen kan **skader** i forbindelse med sykdommer som hjernehinnebetennelse, hjernebetennelse eller skader ved **ulykker** være årsak til utviklingshemming.” (Frå Store Norske Leksikon)*

“Hvorfor kan ikke Gud stoppe dette...?” høyrer me frå han eller ho som har sendt inn dette spørsmålet.

Me kjenner nok alle på smerten og fortvilninga som ligge bak desse orda. Og møter her noko som mange menneske – også kristne – har kjempa mykje me. Dette som vert kalla *“lidinga sitt problem”*.

Nå seier Bibelen eit tydeleg at **JA**, - Gud både **kan** og **vil** stoppe dette.

Gud vil gjere fullstendig og endeleg slutt på all vondskap, sjukdom, lidning og død – og ta bort *alt* som er knytt til mennesket sitt fall, og synda med alle konsekvensar den har.

Bibelen kallar dette for **dommens dag** eller Herrens dag. Dette vert samstundes eit oppgjær med oss og **vår** vondskap, fiendskap og egoisme.

I møte med dette seier Bibelen:

11 Og dette er vitnemålet at Gud har gjeve oss evig liv, og dette livet er i Son hans. 12 Den som har Sonen, har livet. Den som ikkje har Guds Son, har ikkje livet. (1 Joh 5,11-12)

Og eg såg ein ny himmel og ei ny jord. For den fyrste himmelen og den fyrste jorda hadde kvorve bort, og havet er ikkje meir. (Joh Op 21,1)

3 Frå trona hørde eg ei høg røyst som sa: Sjå, Guds bustad er hjå menneska. Han skal bu hjå dei, og dei skal vera hans folk, og Gud sjølv skal vera hjå dei og vera deira Gud. 4 Han skal tørka kvar tåre frå augo deira. Og døden skal ikkje vera meir, og ikkje sorg, og ikkje skrik, og ikkje pinsle skal vera meir. For dei fyrste ting har kvorve bort. 5 Og han som sat på trona, sa: Sjå, eg gjer alle ting nye! Og han seier til meg: Skriv! For desse orda er truverdige og sanne. (Joh Op 21,3-5)

Denne vona vil kvar den som trur halda fast på, også i møte med lidning og smerte her i livet.

Bibelens Gud – er *sjølv* den **lidande Gud** i Kristus.

I Kristus Jesus møter me han som sjølv gjekk inn i lidning, fornedring, smerte, sorg – fysisk og psykisk – og til slutt død. For oss, og i vår stad.

4 Sanneleg, våre sjukdomar har han teke på seg, og våre pinsler har han bore. Men vi trudde han var heimsøkt, slegen av Gud og gjort elendig. 5 Men han vart såra for våre brot, knust for våre synder. Straffa låg på han, så vi skulle ha fred, og ved hans sår har vi fått lækjedom. (Jes 53,4-5)

Den gamle kyrkjefaderen Augustin har uttrykt dette slik.

*”Kva større miskunn er der enn dette som la ”ein tenars skapnad” på **verdens Herre**, som gjorde **Brødet** sjølv svolten, som gjorde **Fylden** sjølv tørst, som gjorde **Krafta** sjølv svak, **Helsa** sjølv såra, og **Livet** sjølv døyande-*

*Kva større miskunn enn det som syner oss **Skaperen** skapt, **Herren** gjort til slave, **Forløysaren** seld, **Den eine som opphøgjer**, audmjuka og **Den som reiser opp den døde**, drepem.”*

Difor har me ingen betre å gå til, enn den **Herre Jesus**, som sjølv veit kva livet sine avgrensingar og handikap inneber. Han bar det til fulle i vår stad.

Nå har dette med ”*psykisk utviklingshemming*” vore noko som eg sjølv har hatt tett på i eige liv. Fordi eg hadde ei søster, og ho vaks opp som både psykisk og fysisk utviklingshemma.

Når me brørne lærte å gå og springe, så lærte ho aldri det. Når me lærte å snakke, lese og skrive, så klarte ho aldri det heller. Ho var heilt pleietrengjande kvar dag i heile sitt liv, i dei 30 åra ho fekk leve. Måtte stellast, matast og berast kvar dag i 30 år.

Det var likevel nokre få ting ho kunne godt, og det var å smile og le.

Mor mi kalla henne for ”*solstrålen i heimen*”, der me brørne nok ofte kunne vere både krevjande, egoistiske og vrange.

"Solstrålen i heimen!"

Gjennom dette vart mi handikappa søster til stor velsigning for oss andre i heimen. Me lærte kvar dag noko om kva hjelpeløyse og tillit er.

Kvar dag vart me minna om noko som me sjølve hadde å vere takknemlege for, når misnøye og mismot kom snikande.

Kvar dag over mange år såg me i heimen vår eksempel på omsorg i praksis, frå dei som stelte henne og hjelpte til med alt ho trengde.

Eg har sjølv sagt alltid hatt ei sterkt ynskje om ei søster som var frisk som oss andre, som kunne gå, springe og snakke. Likevel er eg takknemleg for det mi handikappa søster lærte oss gjennom sitt korte liv.

Mi søster levde sitt liv som eit nært, praktisk og konkret eksempel og vitne på at Jesus elska og gav seg sjølv for dei ufullkomne og hjelpelause. For slike som henne, og for meg.

Jesus seier: Det er ikkje dei friske som treng lækjar, men dei som har vondt! Eg er ikkje komen for å kalla rettferdige, men syndarar til å venda om. (Mark 2,17)

Til slutt eit sitat frå **Joni Eareckson Tada**, som sjølv er sterkt fysisk handikappa, etter å ha vorte lam frå nakken og ned etter ei stupeulykke. Ho har sagt:

"Frelsaren vår valde å syne sine eigenskaper som Messias gjennom si teneste overfor handikappa menneske.

Eit handikap gjer Guds nåde større... Vi i våre rullestoler er bevis på kor stor og truverdig Gud er."